



Stipendiat i mikrobiell økologi

Ved [Institutt for geovitenskap](#) er det ledig ei stilling som stipendiat i mikrobiell metagenomikk. Stillinga er for ein åremålsperiode på 4 år og er knytt til [K. G. Jebsen-senter for dyphavsforskning](#).

Om prosjektet/arbeidsoppgåver

K. G. Jebsen-senteret representerer eit tverrfagleg miljø med forskarar og studentar frå både Institutt for geovitenskap og Institutt for biovitenskap. Det overordna målet med ph.d.-prosjektet er å kartleggje i detalj det funksjonelle mangfaldet til ukultiverte mikroorganismar i varmekjelder på havbotnen for å forstå deira utbreiing og rolle i mikrobiell biogeografi og biogeokjemiske syklusar. Prosjektet vil fokusere på dei aller beste teknikkane innan bioinformatikk i rekonstruksjon av mikrobielle genomer og deira plassering i livets tre ved å nytte fylogenomikk. Det vil bli gitt opplæring i bruk av avanserte bioinformatiske dataverktøy for å stadfeste metabolsk funksjon for best å kunne undersøkje rolla og/eller den økologiske betydninga på desse lite utforska mikrobioma. Hovudområdet for forskinga er varme kjelder på den arktiske midthavsryggen.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i mikrobiologi, molekylærbiologi/genetikk eller bioinformatikk, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Dokumenterte ferdigheiter i mikrobiell fysiologi eller økologi er eit krav.
- Erfaring med mikrobiell (meta)genomikk og/eller fluoresensmikroskopi er ein føremon.
- Erfaring med å jobbe i eit tverrfagleg miljø er ein føremon.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Søkjarar må ha gode skriftlege og munnlege engelskkunnskapar.

Personlege og mellommenneskelege eigenskapar vil bli lagt vekt på. Ambisjonar og potensial vil også telle ved vurdering av kandidatane.

Om stipendiatstillinga

Samla stipendperiode er 4 år, der 25 % av tida er pliktarbeid, knytt til forskning, undervisning og formidling. Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du [fyller krava for opptak til ph.d.- studiet](#) ved Universitetet i Bergen.

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønssteg 50 (kode 1017 /LR20, alternativ 8) i det statlege lønsregulativet (lønna er for tiden under regulering). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde


- ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga.
- namn og kontaktopplysningar til to referansar. Ein av desse bør vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- CV
- karakterutskriftar og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert.
- relevante attestar.
- eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste).
- eventuelle publikasjonar.

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Professor Ida Helene Steen, Universitetet i Bergen, ida.steen@uib.no, tlf. +47 55588375 

Forskar Runar Stokke, Universitetet i Bergen, runar.stokke@uib.no, tlf. +47 55583861 

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Jobbnorge-ID: 153802, Søknadsfrist: Avsluttet